



## MØTEPROTOKOLL

### FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

**Møtedato:** 14.03.2016  
**Møtestad:** Heradshuset, Dale  
**Møtetid:** 12:00 - 16:20

**Møtedeltakarar:**

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Ordførar
Sigmund Simmenes	SP	Varaordførar
Heidi Rongved	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Bjørn Roald	H	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Medlem

---

**Andre møtande:**

Ass. rådmann Åse Elin Myking  
Økonomisjef Truls Morten Kaland  
Kommunalsjef helse og omsorg Solrun Hauglum  
Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad  
Einingsleiar samfunnsutvikling Willy Andre Gjesdal  
Politisk sekretær Sølvi Legård

---



## Saksliste

SAKSNR	TITTEL
15/2016	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
16/2016	GODKJENNING AV MØTEBOK
17/2016	REFERATSAKER OG MELDINGAR
18/2016	SKULESTRUKTUR I VAKSDAL
19/2016	HØYRINGSSVAR TIL KVV LOGISTIKKNUTEPUNKT I BERGENSREGIONEN
20/2016	OMREGULERING TETTANESET - REGULERINGSPLAN TIL 1. GONGS HØYRING MED UTVIDA PLANGRENSE
21/2016	UTBYGGING AV BUSTADOMRÅDE STANGHELLE VEST - TETTANESET
22/2016	FORPROSJEKT STANGHELLE-ARNA: E16 OG VOSSEBANA
23/2016	KOMMUNEREFORMA - LØYPEMELDING - UTGREIING ALTERNATIV 1
24/2016	KOMMUNEREFORMA - RAMMER OG MANDAT FOR FORHANDLINGSUTVALET
25/2016	MELLOMBELS SÆRAVTALE OM DØGNOPPHALD FOR ØYEBLIKKELEG HJELP
26/2016	ORIENTERINGSSAK - UNDERVEGSRAPPORT "LEV VEL I VAKSDAL"
27/2016	KOMMUNEDELPLAN HELSE OG OMSORG - VEDTAK AV PLAN
28/2016	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR



**15/2016: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 14.03.2016**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 15/2016 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

---

**16/2016: GODKJENNING AV MØTEBOK**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 14.03.2016**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 16/2016 Vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

---

**17/2016: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 14.03.2016**

**Behandling:**

Referatsak 1 Moglegheitsstudie for ny barne- og ungdomsskule på Dale:  
Einingsleiar Samfunnsutvikling orienterte

Samrøystes vedtak.



**FPØ - sak 17/2016 Vedtak:**

Referatsakene vart tatt til orientering.

---

**18/2016: SKULESTRUKTUR I VAKSDAL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert teke til orientering.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 14.03.2016**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**Protokollmerknad frå Kjartan Haugsnes, SV:**

SV beklagar at saka ikkje vert handsama etter opprinneleg tidsplan. SV er sterkt kritisk til at «Moglegheitsstudien for ny Barne og ungdomsskule på Dale ikkje har vore ein del av høyringa, og til slutt er SV kritisk til administrasjonen sin gjennomgang av høyringsuttalane.

SV vil peike på at av alle høyringssvara som har peika på alternativ ønskjer alle å oppretthalde dagens skulestruktur med unntak av Utdanningsforbundet og FAU på Dale barne og ungdomsskule. Ei oversikt over dette burde lagt ved saka.

Under punktet «Busetjing, folketalsauke og attraktivitet» skriv administrasjonen slik:

*«Nokon av høyringsuttalane meiner nedlegging av skulen vil føre til at bygda dør. Nokon seier det vil verta fråflytting med ein gong, andre meiner bygda sakte vil verta forgubba og mista tilflytting.»Og vidare:*

*«Dette er eit stort og sterkt spørsmål og det er vanskeleg å hente ut faglege og rasjonelle argument som gir overvekt for ei sikker slutning om at skulenedlegging vil leie til redusert folketal i bygda eller ikkje.»*

SV er sterkt ueinig i ei slik framstilling av høyringsuttalane, her kan det virke som administrasjonen meiner høyringsuttalane manglar rasjonale.

**FPØ - sak 18/2016 Vedtak:**

Saka vert teken til orientering.

---



**19/2016: HØYRINGSSVAR TIL KVV LOGISTIKKNUTEPUNKT I BERGENSREGIONEN**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommune meiner KVV rapportane for logistikknutepunkt i Bergensregionen gjev ei god oversikt over prosessen, innhaldet i utgreiingane og dei vurderingane som er gjort undervegs.

Vaksdal støttar Jernbanelaget si tilråding til delt konsept der Dokken vert utvikla på kort og mellomlang sikt. Utgreiingane syner at Dokken kan gje tilstrekkeleg kapasitet i lang tid, og alternativ med ny lokalisering er samfunnsøkonomisk svært ulønsamt.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 14.03.2016**

**Behandling:**

Tilleggsframlegg frå Bjørn Roald, H:

*I forbindelse med høring og forslag til logistikknutepunkt for Bergensregionen foreslår Høgre i Vaksdal forslag om å vurdere Dalegården i Vaksdal kommune.*

*Dalegården utgjør i dag stort sett beitemark, noen boliger og en del industri. Med masser som vil komme som følge av K5 og som kan brukes til å fylle ut deler av Dalevågen for nødvendig areale vil dette være egnet område. K5 vil i fremtiden gå igjennom området. Kostnader vil sannsynligvis være mye mindre enn de alternativer som er presentert i dag.*

Tilleggsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

*Når det gjeld ny framtidig godsterminal vil Vaksdal kommune sterkt gå mot at denne vert lokalisert på Unneland i Arna.*

**Røysting:**

Det vart først røysta over rådmannen sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå Høgre fekk 3 røyster (H, SV, KRF) og fall.

Tilleggsframlegget frå SV fekk 4 røyster (SV, H, KRF, SP) og vart vedteke.

**FPØ - sak 19/2016 Vedtak:**

Vaksdal kommune meiner KVV rapportane for logistikknutepunkt i Bergensregionen gjev ei god oversikt over prosessen, innhaldet i utgreiingane og dei vurderingane som er gjort undervegs.

Vaksdal støttar Jernbanelaget si tilråding til delt konsept der Dokken vert utvikla på kort og mellomlang sikt. Utgreiingane syner at Dokken kan gje tilstrekkeleg kapasitet i lang tid, og alternativ med ny lokalisering er samfunnsøkonomisk svært ulønsamt.

Når det gjeld ny framtidig godsterminal vil Vaksdal kommune sterkt gå mot at denne vert lokalisert på Unneland i Arna.

---



**20/2016: OMREGULERING TETTANESET - REGULERINGSPLAN TIL 1. GONGS HØYRING MED UTVIDA PLANGRENSE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-8 vedtek Vaksdal formannskap oppstart av planarbeid for planendring (planid 2015002), for gjeldande reguleringsplan for Tettaneset (planid 2010002 med vedtaksdato 13.09.2010).

Plangrensene er ikkje endeleg fastsett, og mindre endringar av plangrenser kan førekome.

Høyringsfrist vert sett til 30 dagar frå kunngjering er publisert.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 14.03.2016**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 20/2016 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-8 vedtek Vaksdal formannskap oppstart av planarbeid for planendring (planid 2015002), for gjeldande reguleringsplan for Tettaneset (planid 2010002 med vedtaksdato 13.09.2010).

Plangrensene er ikkje endeleg fastsett, og mindre endringar av plangrenser kan førekome.

Høyringsfrist vert sett til 30 dagar frå kunngjering er publisert.

---

**21/2016: UTBYGGING AV BUSTADOMRÅDE STANGHELLE VEST - TETTANESET**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet tar orientering om strategi for gjennomføring til orientering. Rådmannen får i oppdrag å gå vidare i prosjektet ved gjennomføring av;

- a. kommersiell utvikling av prosjektet i tråd med strategi for gjennomføring,
- b. planlegging av teknisk infrastruktur,
- c. naudsynt grunnverv for gjennomføring av fyrste byggetrinn.

Kostnader for utbygging av teknisk infrastruktur i fyrste byggetrinn skal handsamast i samband med rullering av økonomiplanen 2017 – 2020 og budsjett 2017.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 14.03.2016**



**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 21/2016 Vedtak:**

Formannskapet tar orientering om strategi for gjennomføring til orientering. Rådmannen får i oppdrag å gå vidare i prosjektet ved gjennomføring av;

- a. kommersiell utvikling av prosjektet i tråd med strategi for gjennomføring,
- b. planlegging av teknisk infrastruktur,
- c. naudsynt grunnerverv for gjennomføring av fyrste byggjetrinn.

Kostnader for utbygging av teknisk infrastruktur i fyrste byggetrinn skal handsamast i samband med rullering av økonomiplanen 2017 – 2020 og budsjett 2017.

---

**22/2016: FORPROSJEKT STANGHELLE-ARNA: E16 OG VOSSEBANA**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet utnemner ordfører, politiker nn og rådmann til å representere Vaksdal kommune i referansegruppa for forprosjekt Stanghelle – Arna, E16 og Vossebana.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 14.03.2016**

**Behandling:**

Etter framlegg frå Kjartan Haugsnes vart Bjørn Roald peika ut frå formannskapet i tillegg til ordfører og rådmann.

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 22/2016 Vedtak:**

Formannskapet utnemner ordfører, Bjørn Roald og rådmann til å representere Vaksdal kommune i referansegruppa for forprosjekt Stanghelle – Arna, E16 og Vossebana.

---

**23/2016: KOMMUNEREFORMA - LØYPEMELDING - UTGREIING ALTERNATIV 1**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek utkast til utgreiing av alternativet «Vaksdal som no» til orientering

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 14.03.2016**



**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 23/2016 Vedtak:**

Formannskapet tek utkast til utgreiing av alternativet «Vaksdal som no» til orientering

---

**24/2016: KOMMUNEREFORMA - RAMMER OG MANDAT FOR FORHANDLINGSUTVALET**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I forhandlingane vert følgjande prinsipp lagt til grunn:

- Likeverd mellom kommunane
- Kommunen må levere betre tenester både på kort og lang sikt. Nærtenester må vere tilgjengeleg der folk bur.
- Kommunen må vere betre rusta til å utvikle regionen og potensialet for folketalsvekst, næringsetablering og attraktivitet i regionen
- Kommunen må ha ein solid økonomi og ha rom for uforusette hendingar.
- Kommunen må leggje betre til rette for lokal stadsutvikling og kjenne sin identitet både lokalt og som heile
- Nærdemokratiet skal takast i vare og det skal etablerast eit tilstrekkeleg demokratisk nivå som sikrer medverknad på vesentlege område for innbyggjarane samt effektiv avgjerdsmynde.
- Gjeldande planverk i kommunane skal gjelde som kommunedelplanar inntil nytt felles planverk er vedtatt

Forhandlingsutvalet vert gitt fullmakt til å utarbeide:

- Framdriftsplan som utdjuvar tidsplan vedtatt av kommunestyret i sak 17/2016
- Kommunikasjonsplan
- Framlegg til intensjonsavtale
- Gjennomføringsopplegg for innbyggjarundersøking
- Forhandlingsutvalet har ansvaret for gjennomføring av forhandlingane. Rådmannen tiltrer forhandlingsutvalet administrativt
- Forhandlingsutvalet legg fram for kommunestyret som då tek stilling til spørsmålet om ny kommunestruktur
- Rådmannen stiller sekretærhjelp og naudsynt utgreiingskapastiet til rådvelde for forhandlingsutvalet

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 14.03.2016**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.





**FPØ - sak 24/2016 Vedtak:**

I forhandlingane vert følgjande prinsipp lagt til grunn:

- Likeverd mellom kommunane
- Kommunen må levere betre tenester både på kort og lang sikt. Nærtenester må vere tilgjengeleg der folk bur.
- Kommunen må vere betre rusta til å utvikle regionen og potensialet for folketalsvekst, næringsetablering og attraktivitet i regionen
- Kommunen må ha ein solid økonomi og ha rom for uforusette hendingar.
- Kommunen må leggje betre til rette for lokal stadsutvikling og kjenne sin identitet både lokalt og som heile
- Nærdemokratiet skal takast i vare og det skal etablerast eit tilstrekkeleg demokratisk nivå som sikrer medverknad på vesentlege område for innbyggjarane samt effektiv avgjerdsmynde.
- Gjeldande planverk i kommunane skal gjelde som kommunedelplanar inntil nytt felles planverk er vedtatt

Forhandlingsutvalet vert gitt fullmakt til å utarbeide:

- Framdriftsplan som utdjupar tidsplan vedtatt av kommunestyret i sak 17/2016
- Kommunikasjonsplan
- Framlegg til intensjonsavtale
- Gjennomføringsopplegg for innbyggjarundersøking
- Forhandlingsutvalet har ansvaret for gjennomføring av forhandlingane. Rådmannen tiltrer forhandlingsutvalet administrativt
- Forhandlingsutvalet legg fram for kommunestyret som då tek stilling til spørsmålet om ny kommunestruktur
- Rådmannen stiller sekretærhjelp og naudsynt utgreiingskapastiet til rådvelde for forhandlingsutvalet

---

**25/2016: MELLOMBELS SÆRAVTALE OM DØGNOPPHALD FOR ØYEBLIKKELEG HJELP**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet gir si tilslutning til at Vaksdal kommune inngår mellombels særavtale som førelagt med Helse Bergen om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp. Særavtalen er knytt til Tenesteavtale nr. 4.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 14.03.2016**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.



**FPØ - sak 25/2016 Vedtak:**

Formannskapet gir si tilslutning til at Vaksdal kommune inngår mellombels særavtale som førelagt med Helse Bergen om døgnopphald for øyeblikkelig hjelp. Særavtalen er knytt til Tenesteavtale nr. 4.

---

**26/2016: ORIENTERINGSSAK - UNDERVEGSRAPPORT "LEV VEL I VAKSDAL"**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert teken til orientering.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 14.03.2016**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 26/2016 Vedtak:**

Saka vert teken til orientering.

---

**27/2016: KOMMUNEDELPLAN HELSE OG OMSORG - VEDTAK AV PLAN**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Komunedelplan helse og omsorg 2015 – 2030 vert med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 godkjent. Planen erstatter tidlegare planer for helse og omsorg.

**Levekårsutvalet 22.02.2016**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**LEV - sak 05/2016 Tilråding:**

Komunedelplan helse og omsorg 2015 – 2030 vert med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 godkjent. Planen erstatter tidlegare planer for helse og omsorg.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 14.03.2016**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.



**FPØ - sak 27/2016 Tilråding:**

Komunedelplan helse og omsorg 2015 – 2030 vert med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 godkjent. Planen erstatter tidlegare planer for helse og omsorg.

---

**28/2016: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR**

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 14.03.2016**

**Behandling:**

**Orienteringane blei gitt i starten av møtet.**

- Orientering om Tettaneset ved prosjektleiar i WSO Pall Gudnason og Espen Viddal
- Orientering om aktivitetar ved biblioteket v/biblioteksjef Jan Eirik Kolås
- Orientering - Oppsummering og bearbeidd verdigrunnlag - Denne vart utsett
- Diverse orienteringar frå rådmannen:
  - Status økonomi og skisse/framdrift økonomiplan 2017-2020 v/økonomisjef Truls Morten Kaland og ass. rådmann Åse Elin Myking
  - Vaksenopplæring v/kommunalsjef Ann Kristin Bolstad
  - Administrative stillingar i pleie- og omsorgssektoren v/kommunalsjef Solrun Hauglum
  - Sjukefråver v/ass. rådmann Åse Elin Myking
- Tilsyn Vaksdal senter v/ordførar

**FPØ - sak 28/2016 Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering.

---



**SPØRSMÅL:**

**Kjartan Haugsnes**

Om krisesenterløysing for Vaksdal kommune. Kan krisesenteret i Bergen bli invitert til eit møte i kommunestyret for å orientera?

Ordføraren svarte

**Sigmund Simmenes**

Om konsekvensane av politireforma i vårt området. Kan lensmannen bli invitert til eit møte i kommunestyret for å orientera?

Ordføraren svarte